

11. april 2012

[Framsida / Leiar]

Aktuelt

BØMLO - FITJAR - KVINNHØI

Nyhende

Sport

Maratonblogg

Lokalkupongen

Kultur

Det skjer

Språkspalte

Nett-TV

Biletseriar

Leiar

Nettkamera

Vêret

Skipstrafikk

Nettmøte

Dine sider

Den gongen

Ung

Debatt

Kokebok

Reise

Lesarbilete

Helsingar

Papirutgåva



Les avisa som PDF

Abonnement

Laussal

Tenester

Namn og smånytt

Send inn

Skrivebordsbakgrunn

RSS

Avis i skulen

Andre aviser

Set startside

Sunnhordland

Trykkeri

Om Sunnhordland



**STORD
 KOMMUNE**



**Fitjar
 kommune**



**BØMLO
 KOMMUNE**



Sunnhordland meiner

Liv i sentrum

DAG JØRUND LØNNING hadde ikkje vore heime på Stord på fleire år før i midten av mars, og laurdag 17. mars tok han seg ein tur til sentrum for å visa sonen kor yrande folkeliv det var her. Det var då han oppdaga at Borggata nærast var tom for folk. Noko må gjerast, meiner den utflytta stordabuen, som meiner Leirvik sentrum er inne i vond spiral og at det er mykje forfall rundt om på bygningane.

ER DET avgiftsparkeringa si skuld? Eller for stive leigeprisar? Eller at tilbodet på Heiane er for godt? Er det politikarane sin feil? Eller er det dei næringsdrivande og dei som eig bygningane som her må ta skulda? Her er nok mange faktorar som spelar inn, og me sit ikkje på fasiten. Men det er vel liten tvil om at ein bør samarbeida og løfta i lag.

SOMME GONGER kan det vera greitt å få fortalt av folk utanfrå det ein ser kvar dag, men eigentleg ikkje tenkjer så mykje over, eller filosoferer over i det daglege. Men det er ingen tvil om at handelen og folkelivet i dei mest sentrale deler av Leirvik sentrum har vore sterkt dalande dei siste åra. Det er det få som likar. Men det er ikkje sikkert så mange «vågar» å ha ei meining om dette i det offentlege rom. Dag Jørund Lønning vågar å seia kva han meiner, og er ingen kven som helst i ein slik samanheng. Han er bygdeutviklingsforskar, sosialantropolog, prosessfilosof og rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Jæren. Lønning er ein aktiv debattant innan region, bygd og bygdelandskap - og denne gongen går det ikkje fleire år mellom vitjingane i heimkommunen. Om få timar er han på veg over Boknafjorden att.

SIDAN Sunnhordland skreiv om saka har det vore full debatt om Leirvik sentrum, og i kveld arrangerer Stordtinget debatt om saka. Stordtinget er det nye forumet for offentlege debattar i Stord og Sunnhordland og er eit samarbeid mellom Mediehuset Sunnhordland og Høgskulen Stord/Haugesund. Dette er første debattkvelden i 2012, og me oppmodar folk om å møta opp - dette skal vera opne møte for alle, ikkje berre politikarar, næringsdrivande eller andre som plar meina noko i det offentlege. Dette er ein debatt - og ikkje minst ei viktig sak - for deg og meg og alle som er opptekne av Leirvik som eit levande sentrum. Vel

møtt.

feed